

# HAREID ROTARY KLUBB



MÅNADSBREV

DESEMBER 2006.

ÅRGANG 42

DISTRIKT 2280

Møtedag: Månd. kl 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til  
Hareid IL  
6060 Hareid  
President: Hans Gisle Holstad  
Visepres.: Åge Nytun  
Sekretær: Trygve Riise  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres.: Arve R. Røyset  
Styremedlem: Johan Ole Brandal  
Styremedlem: Oddvar Haugen  
Ansv. red.: Sverre Bjåstad  
Referent: Ingar Bigset

## Fødselsdagar i desember:

Einar Arne Riise	27.12
Elias Sellevoll	15.12
Bjørn Teigene	19.12

## 100% frammøte desember:

Ingar Bigset, Sverre Bjåstad, Johan Ole Brandal, Hallkjell Dahle, Håkon Eidsvik, Sigbjørn Haddal, Johs. Hareide, Oddvar Haugen, Hans Gisle Holstad, Arne Lillebø, Jan Håvard Nytun, Arve R Røyset, Sanjayan Selvamanickam, John Stennes, Elias Sellevoll og Egil Utgård.

Frammøte i des.: 72,3 %

## Stjernelys

Me syngje og trallar og dansar og ler.  
Ei stjerna me oppe på himmelen ser.  
Til minne om han som kom ned til vår jord.  
Ei glede for liten, ei glede for stor.

Der låg han i krubba på leie av strå.  
Mens gjestane kunne gå til og ifrå.  
Og tri visemenn i frå Austen ein stad,  
gull, murra og røykelse til han dei ga.

Med englane song ved ei stjerna så klår,  
såg hyrdane barnet, ilag med sitt får.  
Då smila Maria og Josef vart kry.  
Eit under var skjedd der i David sin by

*Barbro Vanvik*

## ***Månadsbrev for Hareid Rotaryklubb – desember 2006***

*Referent: Ingar Bigset*

### **Møte 4. desember**

Etter songen ”Om kvelden”, gratulerte president Hans Gisle dei tre som hadde bursdag i desember. Han opplyste om godt frammøte for november før han gjekk gjennom månadens program. Han takka også alle som hadde vore med på å gjere røyrafesten så fin og vellykka som den vart.

Den kreative presidenten fekk så dei siste innspela på oppsette vedtekter for Hareid Rotaryklubb før dei no blir utdelte. Han avslutta med å gå gjennom statuttane for utdeling av blomster.

### **Egoforedrag av Aud Grimstad**

Aud kom inn i klubben vår i mars 2006 og er ei dame rik på erfaringar.

I barndomsheimen på Grimstad vaks ho opp i ein syskenflokk på 5.

I kjellaren har der tidligare vore både butikk og verkstad.

Ho var heldig som også hadde besteforeldre og oldeforeldre rundt seg.

Aud starta i barneskulen på Hareid i 1961 som då var ny, og seinare gjekk ho framhaldsskule og realskule på Holstad.

Ho har fått med seg mykje. Alt frå ”indianarkrigar” og isflaksigling i lag med gutekompisane – til ulike jobbar som hushjelp, butikkhjelp og telefondame. Ho har jobba på hotell og ho har drevet egen butikk saman med ei veninne.

I voksen alder tok ho vidare utdanning og er no rektor på Brandal skule.

Ho har tre barn, ei jente og to gutar og ho har etter kvart også fått to barnebarn.

Aud bor no i eige hus i Geilane etter først å ha budd i Hovden, der ho måtte oppleve at huset brann, og ho har budd i Fosnavåg.

Aud er glad i dyr og ho likar å ta turar i natur og fjell. Vidare syng ho i Bigset blandakor og Sunnmøre festivalkor.

Eit godt egoforedrag presentert med Powerpoint og med mange fine bilde der Aud tok oss rolig og flott gjennom livet, oppveksten og utdanninga si.

## **Møte 11. desember**

Dette var eit intercitymøte saman med Ulstein Rotaryklubb og det var godt frammøte i standmessige lokale i 4. etg. I Convexbygget i Ulsteinvik.

Temaet for møte var utdrag frå ei ny bok som kjem på nyåret:

### **Selfangst i etterkrigstida, av Johan Ottesen**

Dette blir ei god historiebok om skuter og selfangst i alle fangstområdar både frå litt før, men mest frå etter krigen. Det er eit stort og utfordrande arbeid som skal gjerast og det var først meininga at boka skulle verte ferdig til jul.

På det meste var minst 64 skuter med i selfangsten, der 23 av dei var frå Sunnmøre. Skutene frå Troms var i fleirtal sjølv om dei ofte brukte fiskebåtar i tillegg til reine ishavsskuter. Her er statistikkar om skuter med dampmaskiner og vi får fjølge med i overgangen frå treskuter til stålskuter der "Polarstar" var den første herfrå. Tyskarane for med ein del skuter, nokre var tapt for alltid, men ein del kom tilbake, då gjerne godt nedslitne. 14 skuter vart gjort klar til fangst rette etter krigen. 9 frå Sunnmøre og 5 frå Troms. Gamle fiskebåtar vert ombygde og får nye namn. Bl.a. var "Pels" ei tidligare seglskute. I 1947 var bygging av nye skuter i full gang. Mange ei spenningshistorie kan dukke opp berre med å høyre namna.

Det blir i ei periode lite dyr, og det vert etter kvart innført reguleringar med start og sluttdatoar og det vert innført kvoter. Manglande tilgang til Kvitsjøen gir bl.a. større press på Vestisen. Men det tek seg opp igjen, og flest skuter og mannskap hadde dei største fangstane av grønlandsel og klappmyss rundt 1950. Vi får høyre om skuter som for, men aldri kom tilbake. Som i katastrofeåret 1952 då 5 skuter og 78 mann frå Sunnmøre forsvann. Ei etterlengta bok som sikkert mange vil sette pris på.

*Erfaringstanke frå ein kar:*

*Det er som med damer som med gamle ishavsskuter: Når dei blir aldri så lite skrukkete i skalet, då er dei på sitt beste.*

## **Møte 18. desember**

Rotarianarane kom til eit fint pynta lokale og det var mange som møtte til denne juleavslutninga, også eit par "spanske" vinterturistar. Opning med songen "Det lyser i stille grender" før president Hans Gisle kom med nokre opplysningar. Julehelsing frå Karl Johan Brandal som på grunn av langstridig ryggvonde ikkje kunne møte. Vidare at guvernøren som på grunn av sjukdom ikkje kunne komme til røyrafesten, gjerne vil besøke klubben 22. januar.

Vår eigen Oddvar Haugen fekk oss så i god julestemning med ei underfull historie om det store som skulle skje med gjetarar, englar, ei krybbe, og eit Jesusbarn. Før lutefisken og

julemøren vart servert, spelte Daniel Strand tre fine avstressande pianomelodiar, der vi fekk synge med på den eine. Etter eit framifrå måltid (kanskje i knappaste laget med lutfisk og øl) og med fleire julesongar, tok presidenten igjen ordet. Han takka fest og kameratskapskomiteen m/medhjelparar for godt utført arbeid - og ønskte god jul.

*Og som han sa 6 åringen: I år trur eg at det blir siste gongen eg skal tru på julenissen.*

### Nokre bilete frå julebordet 2006.

